



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØY

FINANSDEPARTEMENTET

0 1. OKT. 2004

Saksnr.
Arkivnr.

04,1847-225

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	28.09.2004	148/04	SIST
Giske kommunestyre	28.09.2004	078/04	SIST

Saksbehandlar Sigmund Strand	Arkiv: K1-203, K2-, K3-&13	Arkivsaknr 2004000773- 2
---------------------------------	-------------------------------	-----------------------------

SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTGREIING - NOU 2004:12 - BETRE SKATTEOPPKREVJING - HØYRING

Vedlegg:

- Rundskriv datert 18.06.2004 frå Finansdepartementet.
- Kapittel 2 - Samandrag frå Skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing.

Saksutgreiing:

BAKGRUNN

Finansdepartementet sette 26. mai 2003 ned eit utval for å vurdere skatteinnkrevjinga og 12. mai 2004 vart høyringsdokumentet "NOU2004:12 Bedre skatteoppkreving" levert med høyringsfrist 1. oktober 2004.

Stortinget har to gonger det siste tiåret avvist framlegg frå Finansdepartementet om å flytte ansvaret for skatteinnkrevjinga frå kommunene til staten.

Skatteoppkrevjarutvalet sitt mandat:

- beskrive behovet for endringar/forbetringar innan dei 3 hovedområda (arbeidsgjevarkontroll, skatteinnkrevjing og føring av skatteregnskap)
- vurdere forbetringstiltak innanfor framhaldande kommunal organisering av skatteinnkrevjinga
- vurdere forbetringstiltak innanfor ei statleg organisert skatteinnkrevjing
- økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga.
- i prioritert rekkefylgje gi konkrete tilrådingar til tilak som kan føre til ei betre skatteinnkrevjing.



Utvalet skulle ikkje vurdere overføring av statlige oppgaver (innkreving merverdiavgift) til kommunene.

Kvaliteten og effektiviteten i skatteinnkrevjinga har vore gjenstand for en rekkje analyser dei siste åra. Analysene og resultatene har vore omstridde.

Utvalet vurderte **tiltak til forbedring forutsett framhaldande kommunal organisering**, mellom anna fylgjande:

- Oftare rapportering og betaling av arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk
- Innføring av div gebyr ved misleghald av betaling og ved innkrevjings tiltak
- Betre elektronisk tilgang til register
- Styrking av kommunene sine økonomiske incitament.
- Styrking av faglig overordn (skattefuten) sine styringsfullmakter og iverksette tiltak dersom skatteoppkrevjar ikkje utfører oppgåvene på tilfredsstillande måte.

Utvalget presenterte tre organisasjonsløyser:

- ***Dagens kommunale organisering***
Det faglege ansvar ligg til Staten, det administrative til kommunen. Utviklinga går i dag mot meir interkommunalt samarbeid og samanslåing av kommuner.
- ***Ein statleg modell***
Skatteinnkrevjinga blir overteke av Staten og regionalisert. Ein mogleg modell er at funksjonane skatterekneskap, frivillig betaling og arbeidsgjevarkontroll blir overført til likningskontora, medan det blir etablert egne regionkontor for tvangsinnkrevjing av misleghaldne krav
- ***Ei mellomløyser***
der staten handterer alt med unntak av tvangsinnkrevjing.

Fleirtalet sine vurderingar og konklusjonar.

Fleirtalet (2 fra Staten, 2 fra universitetsmiljø, 1 fra Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening) hadde fylgjande **konklusjon**.

- **En statlig organisering av skatteoppkrevingen er mest naturlig, oppgavens innhold og karakter tatt i betraktning**

Grunngeving:

- Evalueringar viser stor variasjon i innsats og resultat mellom skatteoppkrevjar-kontora. Små og mellomstore kontor har dårlegast resultat. Storleik må tillegast vekt når ein vurderer organisering. Kommunalt styrte kommunesammenslåingar vil nødvendigvis ikkje finne stad der de skattefaglege argumenta for dette er størst.
- Kommunene set av ressurser til skatteinnkrevjing i ulik grad.



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØY

- Lokalpolitisk press kan ha betydning for val av innfordrings- og kontrollstrategi og imøtegår argumenta om:
 - **at skiljet mellom fastsetjing og innkrevjing er eit rettsikkerheitsprinsipp** med at det er eksempel på at rettsikkerheita blir ivareteke i andre samanhenger, t.d. innkrevjing av meirverdiavgift og kommunale avgifter.
 - **at skatteinnkrevjinga har djupe kommunale røter** med at det ikkje var andre alternativer da dette vart vedteke.
 - **at flytting av skatteoppkrevjarfunksjonen svekker det kommunale innfordringsmiljøet** med at det einaste eksemplet på utskilling av skatteoppkrevjarfunksjonen (Øvre og Nedre Eiker) ikkje stadfester dette
 - **at flytting svekker lokaldemokratiet** med at det er fridoen til å kunne påverke eige inntektsgrunnlag (skatteobjekt) som betyr noko, ikkje kven som står for innkrevjinga
 - **at statleggjering vil medføre store omstillingskostnader** med at det er mogleg å bygge på eksisterande organisasjon (likningskontora) og at det ikkje er grunn til å tru at ein vil få provenytnap (dårlegare skatteinnkrevjing) i samband med omlegginga.

Mindretallets vurderingar og konklusjon

Mindretalet (Kemner Bjørn Røse, Oslo kemnerkontor og kommunekasserer Bente Fylken, Ørsta/NKK)

meiner at de fleste argument talar for framhaldande kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga. Det er dokumentert høg løysningsgrad, god rettsikkerheit, høg brukerservice og synergier med øvrig kommunal verksemd. Og ikkje minst: Kommunal organisering gir moglegheit til forbetring og er robust i høve til forventa utviklingstrekk.

Dei fleste argument talar for framhaldande kommunalt ansvar:

- Dei kommunale skatteoppkrevjarane klarer å krevje inn mellom 99 % og 100 % av all utlikna skatt. Små kommuner har like gode resultat som store. Grunnen til dette er at skatteinnkrevjing dreier seg om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skatteyter. Såleis vil det ikkje være noko å tene på statleggjering.
- Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarane utfører god brukerservice (og betre enn dei statlege skattekontora i fylgje måling av Norsk Gallup i 2002) med god tilgjengelegheit, kundebehandling, sakshandsaminga, informasjon og forutsigbarheit i sakshandsaminga.
- Avstand mellom fastsetting (likningskontora) og innkrevjing av skatt er slått fast som et grunnleggande rettsprinsipp i tidlegare utgreiingar og handsamingar i Stortinget.



- Kommunalt ansvar medfører effektiv drift og ressursbruk ved at skatteinnkrevjinga blir utført i same miljø som øvrig kommunal innfordring. Dermed blir det mogleg å oppretthalde levedyktige innkrevjingsmiljø i mindre kommuner
- Framhaldande kommunalt ansvar bidreg til å oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyret (påverke sitt inntektsfundament, gir moglegheit for framtidige inntektsreformer)
- Statleg innkrevjing vil medføre sentralisering og dårlegare tilgang på offentlege tenester i lokalmiljø. Det vil redusere moglegheita for statleg innsyn i skatteinnkrevjinga..
- Statleggjering vil medføre store overgangskostnader. Det blir store kostnader på statleg side og minimale innsparingar på kommunal side (som også vil bli møtt med reduserte statstilskot. Reformen vil også medføre eit proveny tap. Proveny tap på berre ½ prosent vil medføre eit tap på 5 milliarder kroner over ein treårsperiode.
- Skatteoppkrevjarutvalet legg fram 15 framlegg til ytterlegare forbetring av skatteinnkrevjinga. Det er meir å gå på sjølv om kvaliteten og effektiviteten er god.

VURDERING

Høyringsdokumentet seier lite om dagens innkrevjingsresultat er godt eller dårleg. 99 % av utskrevet skatt blir innkravd. Ein del av den siste prosenten må ein rekne med er skatt på de som blir skjønsligna m.a. på grunn av manglande levering av sjølvmelding..

Det statlege alternativet er mangelfullt utgreidd, og det er ikkje laga konsekvensutgreiing av innføring av statleg modell (proveny tap, konsekvensar for brukarar, problem og kostnader ved overgang).

Fleirtalet, som vil ha statleg skatteinnkrevjing, viser til at skatteinnkrevjing av karakter ikkje er kommunal, at det er for stor forskjell skatteoppkreverkontora (innsats, ressurser) i mellom, at oppkrevjarmiljøa blir for små og at den faglege og organisatoriske styringa kan vere statleg.

Mindretalet (representantane frå kommunane) viser til rettsikkerheit ved å skilje fastsetting og innkrevjing, at dagens ordning fungerer godt, synergien mot andre innkrevjingsfunksjonar i kommunene, betydninga for det kommunale sjølvstyret og kostnader og proveny tap ved ei omorganisering.

Det siste året har Skatteetaten etablert ny organisasjon for føring av regnskap og for revisjon av skatterekneskap. I begge tilfella er arbeidet fordelt på 6 regioner og lagt til 6 store byer. Tilsvarande kan ein regne med at einingane for tvangsinnkrevjing blir lagt til 6 av de største byene. Slike store kontor er må ha ei helt anna innkrevjingsstrategi enn dagens ordning.

Den kommunale modellen med nærleik til brukarane kan betre skilje de som ikkje har betalingsvilje fra de som har midlertidig ikkje har betalingsevne. Dette gir moglegheit for å vere meir smidig med betalingsordningar og bistand.



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØY

Ved overgang til statleg innkrevjing får kommunene eit trekk i rammetilskotet for oppgåveendringa. For Giske kommune sitt vedkomande kan dette dreie seg om i underkant av 1 mill kroner pr. år. Kommunene har arbeidsgjevaransvar

Det er grunn til å frykte større restansar, spesielt i ein overgangsfase, og derfor mindre skatteinntekter til kommunene. I dag har de folkevalde innsyn i skatteinnkrevjinga. Dette vil opphøyre ved statleggjing..

Mellomløysninga, der Staten tek alt unntatt tvangsinnkrevjinga, synest ikkje å vere realistisk. Ei oppsplitting av innkrevjinga vil medføre ei splitting av funksjonar som høyrer nært saman.

Rådmannen gjev slik

INNSTILLING:

Giske kommunestyre meiner at skatteinnkrevjinga framleis bør vere ei kommunal- eller felles kommunal oppgåve, og grunnjev dette slik:

- Den kommunale modellen inneber meir nærleik og kontakt med skatteytarane. Det gir betre moglegheit for samarbeid mellom skatteoppkrevjar og skyldnar om korleis restansen skal betalast.
- Bedre rettsikkerheit med et klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom fastsetjing og innkrevjing av skatt.
- Dagens ordning fungerer godt – med god løysningsgrad, god brukerservice og godt samarbeid mellom skatteoppkrevjar og skattefut.
- Dagens ordning sikrer folkevalt innsyn og kontroll med skatteinnkrevjinga.
- Dagens ordning bidreg til at dei mindre kommunene kan oppretthalde levedyktige innkrevjingsmiljø som ivaretek innkrevjing av både skatt, kommunale avgifter og kommunal fakturering.

28.09.04 GISKE FORMANNSKAP

F-148/04 TILRÅDING:

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

28.09.2004 GISKE KOMMUNESTYRE

Gunnar Morsund (H) gjorde framlegg om fleirtalet i skatteoppkrevjarutvalet sitt forslag.



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØY

K-078/04 VEDTAK:

Ved alternativ votering vart tilrådinga godkjend med 22 mot 1 røyst.

Dato: 29.09.04

Utskrift til:

Kari Sævi

Finansdepartementet
Skatteavdelingen

0030

OSLO